

Vestnes kommune  
Rådhuset  
6390 VESTNES

Vår dato: 26.11.2018  
Vår ref.: 201836845-6  
Arkiv: 323  
Dykkar dato: 12.10.2018  
Dykkar ref.: 2018/611 Jacobsen, Jan Rune

Sakshandsamar:  
Ole-Jakob Sande

## NVE sin uttale til offentlig ettersyn av reguleringsendring for GBnr 60/7 - Slutåshaugen - Vestnes kommune

Vi viser til brev datert 12.10.2018. Saka gjeld offentlig ettersyn av framlegg til reguleringsendring for GBnr 60/ Slutåshaugen. Føremålet med planframlegget er å endre reguleringsføremål frå næringsretta verksemd til byggeområde for bustader og fritidsbustader.

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonal sektormynde med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjon- og skredfare, allmenne interesser knytt til vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE gir råd og rettleiing om korleis desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter Plan- og bygningslova (PBL).

I NVE sitt innspel til varsel om planstart datert 11.07.2018 peika vi på generelle problemstillingar og rettleiingsmateriell for våre saksområde.

I planomtale med ROS-analyse er det gjort vurderingar knytt til planområdet si plassering under marin grense og i eit område med marine avsetningar. Grunnlaget for konklusjonen om stabile grunnforhold er slik vi les basert på erfaring med tidlegare byggearbeid. NVE rår til at prosedyren i NVE rettleiar [7/2014 «Sikkerhet mot kvikkleireskred»](#) kap. 4.5 vert nytta så langt som naudsynt for å avklare skredfaren.

NVE minner om at det er kommunen som har ansvaret for at det blir tatt tilstrekkelig omsyn til flaum- og skredfare, vassdrag og energianlegg i arealplanar, byggeløyve og dispensasjonar. Dette gjeld uavhengig av om NVE har gitt råd eller uttale til saka.

Med helsing

Bright Samdal  
regionsjef

Ole-Jakob Sande  
senioringeniør



*Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.*

Vedlegg:

Kopi til:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal